Vestland fylkeskommune

Avdeling for
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Dato	02.03.2026
Vår referanse	2025/33809-4
Dykkar referanse	2021/4619
Sakshandsamar	Cathrine Grasdal
E-post	Cathrine.Gunn.Grasdal@vlfk.no
Telefon	

Bømlo kommune
Leirdalen 1
5430 Bremnes

Uttale til avgrensa høyring - Revidert behandling av reguleringsplan for Pøyla naustområde gnr. 110 bnr. 329 mfl. Alvsvåg Planid 201705 - Bømlo kommune

Vi viser til brev datert 02.02.26 om avgrensa høyring av forslag til detaljregulering for Pøyla naustområde. Hovudføremålet i planen er inntil 13 nye naust med tilhøyrande infrastruktur. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstartmeldinga i brev av 11.08.17. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre:
www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing.

Vurdering

Planfaglege merknader
Vi viser til vår uttale 29.08.2018, der fylkeskommunen særleg peikte på omsyna til strandsoneverdiar og allmenta sin tilgang. Fylkeskommunen har i sin medverknad vore opptatt av graden av nedbygging av strandsona. Til førre høyring hadde kommunen redusert tal naust frå 15 til 13 etter innspel til oppstart. I dette planframlegget er talet naust og flytebrygger ikkje endra, men tilrettelegging for nedbygging av areal på land og i sjø redusert.

Statsforvaltaren har hatt motsegn til planen, og trekte si motsegn 22.04.2025 basert på plankart og føresegner datert 11.03.2025.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget slik det ligg føre.

Med helsing

Cathrine Grasdal
seniorrådgjevar
NPI – Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift